

**Kjøpar 3,7 dekar til på Børnes**

06.10.2008

**Transportkompaniet Vevik i Herøysund og ordførar Synnøve Solbakken har nå skreve under avtale om at firmaet får kjøpa eit areal til på Børnes.**

Arealet er 3.739 kvadratmeter og prisen 100 kroner pr. kvadratmeter. Det betyr at samla kjøpesum vert 373.960 kroner. Alle kostnader i samband med overdraginga vert å betala av kjøpar.

Frist for innløyasing av tomta er 15. oktober. Dersom tomta ikkje er innløyst innan fristen, fell vilkåra i avtala bort.

Vevik har ei tomt frå før på Børnes og den nye tomta grensar inn til denne. Fimaet bad tidlegare i haust om å få kjøpa ein redusert del av den nye tomta, den delen som ligg på vestsida av den tomta Vevik allereie eig.

Men kommunen gjekk imot dette då det ville gjera vegtilkomsten til restarealet av den nye tomta vanskeleg.

Av Ola Matti Mathisen